



SELJE KOMMUNE
Eldrerådet

Møtebok

Møtedato: 13.05.2011

Møtetid: Kl. 13:00 – 14:30

Møtested: Kommunehuset

Saksnr.: 001/11 - 004/11

Følgjande medlemmer møtte

Richard Eide, Signe Sandberg Hoddevik, Randi Sæbø, Gunnhild Seljenes Solheim.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Svein Hansen. Melding om fråfall var gjeve.

Følgjande varamedlemmer møtte

Laura-Marie Fure

Følgjande frå administrasjonen møtte

Rådgjevar Svein Barmen, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
001/11	Godkjenning av møtebok
002/11	Referatsaker
003/11	Frivillegsentral - etablering
004/11	Årsmelding 2010 - Selje Eldreråd

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	13.05.2011	001/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/497
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 15.11.10 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Eldrerådet - 13.05.2011

ELD-001/11 VEDTAK

Møteboka frå møte 15.11.10 vert godkjent slik den ligg føre.
Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	13.05.2011	002/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/487
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	10/4231	U	24.11.2010	Statens seniorråd	En uakseptabel ordning
2	10/4644	I	20.12.2010	Fylkesrådet for eldre	Fylkesrådet for eldre - Møtebok 24.11.10
3	10/4277	I	25.11.2010	Audhild Stave Losnegard	Søknad om skjenkeløyve 28.12.10.
4	10/4361	I	30.11.2010	Det Kongelege Kulturdepartement	Statstilskot 2010 - tilskotsbrev

5. Orientering om arbeidet med kommuneplanen.
6. Orientering om nytt administrasjonsbygg for Selje kommune.

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Eldrerådet - 13.05.2011

Utdelt / orientert i møtet:
- Årsmelding 2010 – Fylkesrådet for eldre

- Invitasjon til konferanse i Øvre Årdal 25.05.11 om Trygge lokalsamfunn – ein modell for eit systematisk og langsiktig tryggleiksarbeid
- Kort ppsumming frå eldrerådsseminaret på Melsomvik 19.-20.02.2011.
- Brosjyrer, dat. 18.03.11 v/Vern for eldre. Invitasjon til samarabeid.

ELD-002/11 VEDTAK

Referat 1: Teke til vitande.

Referat 2: Teke til vitande.

Referat 3 og 4: Til orientering.

Referat 5: Orientering om kommuneplanarbeidet teke til vitande.

Referat 6: Orientering om nytt administrasjonsbygg for Selje kommune.

Eldrerådet sluttar seg til uttalen frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om at inngangspartiet er uheldig plassert.

Eldrerådet har ikkje hatt høve til å uttale seg om saka.

Utskrift til: Rådmann, Kommunalsjef Helse og Omsorg

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	13.05.2011	003/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-F08	11/484

Frivillegsentral - etablering

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	U	07.06.2011	Leiar i Eldrerådet; Leiar i Selje Pensjonistlag; Leiar i Stadlandet pensjonistlag; Leiar i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne; Varaordførar	Frivillegsentral - Innkalling av arbeidsgruppe
3	U	16.06.2011	Ingmar Solvåg; Richard Eide; Per Sandviknes; Sigvor Ervik; Gerd Bakkebo	Frivillegsentral - referat frå møte i arbeidsgruppe

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.05.2011	Ofte stilte sp.mal - Frivillegsentral.pdf	26159

Saka gjeld

Oppretting av frivillegsentral i Selje Kommune

Opplysningar til saka

Det har vore ytra ynskje om at det burde etablerast ein frivillegsentral i Selje kommune. Oppgåvene til ein slik sentral vil vere kontaktpunkt og møtestad for menneske, foreiningar og offentlege instansar. Den skal vere eit lokalt forankra kraftsenter for alle som har interesse av og lyst til å ta del i frivillig arbeid.

Sentralen skal vere open for alle aldersgrupper og kulturar og kontoret skal gi alle besøkande ei reell oppleving av å vere velkomen i eit fellesskap med likeverdige.

Sentralen kan eigast av ein eller fleire juridiske personar, det kan vere ei kommune, stifting, foreining andelslag osv.

(Frivillighetsentralen – en veileder 2008)

Til finansiering yter staten i 2010 maksimalt statstilskot på 290 000 kr til ein sentral. Dette føreset dagleg leiar tilsett i 100% stilling og minimum 40% lokal finansiering av drifta.

Lover/regelverk

Frivillighetsentralen – en veileder 2008

Kulturdepartementet sine heimesider.

Statsbudsjettet 2011

Sakshandsamar si vurdering

For å kome vidare i saka må fylgjande utgreiast:

Eigarsrtuktur og styre.

Finansiering

Lokalisering

Vedtekter

Søknad om statstilskot

Konklusjon

Eldrerådet startar opp arbeid med å få etablert ein frivillegsentral i Selje Kommune.

Saksgang

Eldrerådet gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje Eldreråd startar opp arbeid med å få etablert ein frivillegsentral i kommunen. Eldrerådet etablerer ei arbeidsgruppe som førebur saka.

Gruppa vert samansett slik:

Leiar i eldrerådet

Leiar i Selje pensjonistlag

Leiar i Stadlandet pensjonistlag

Leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Mandat:

Kome med framlegg til struktur for frivillegsentral der fylgjande er utgreidd:

Eigarsrtuktur og styre.

Finansiering

Lokalisering

Vedtekter

Handsaming i Eldrerådet - 13.05.2011

Framlegg frå Eldrerådet:

Som tilrådinga frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

Ordførar skal vere med i gruppa.

Sekretær i eldrerådet er sekretær for gruppa.

Framlegg frå Eldrerådet vart samrøystes vedteke.

ELD-003/11 VEDTAK

Selje Eldreråd startar opp arbeid med å få etablert ein frivillegsentral i kommunen. Eldrerådet etablerer ei arbeidsgruppe som førebur saka.

Gruppa vert samansett slik:

Leiar i eldrerådet

Leiar i Selje pensjonistlag

Leiar i Stadlandet pensjonistlag

Leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Ordførar

Sekretær i eldrerådet er sekretær for gruppa.

Mandat:

Kome med framlegg til struktur for frivillegsentral der fylgjande er utgreidd:

Eigarsrtuktur og styre.

Finansiering

Lokalisering

Vedtekter

Samrøystes.

Utskrift til:

Medlemene i arbeidsgruppa



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	13.05.2011	004/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FE-210, TI-&14	11/485

Årsmelding 2010 - Selje Eldreråd

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.05.2011	Årsmelding for 2010.doc	26125

Saka gjeld

Årsmelding 2010

Opplysningar til saka

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret som eiga sak.

Lover/regelverk

Reglement for eldrerådet i Selje Kommune. (2009)

Saksgang

Saka går til kommunestyret

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Årsmeldinga vert godkjend slik den ligg føre

Handsaming i Eldrerådet - 13.05.2011

Samrøystes for tilråding frå administrasjonen.

ELD-004/11 VEDTAK

Årsmeldinga vert godkjend slik den ligg føre

Utskrift: Rådmann

